

Program for berekraftig økonomi 2025-2028



Stad kommune / 24. februar

Informasjon frå kommunedirektøren til tilsette

Info
februar
2025

Stad kommune er i gang med ein heilskapleg gjennomgang av Stad kommune si drift. Føremålet med denne gjennomgangen er å synleggjere korleis kommunen kan ta ned driftsnivået, slik at drifta av Stad kommune står i forhold til dei midlane som kommunen har tilgjengeleg.

Prosessen vert, som tidlegare nemnt, organisert og gjennomført under namnet *Program for berekraftig økonomi 2025 – 2028*. Arbeidet er organisert gjennom fire hovudprosjekt under:

- Sentraladministrasjonen. Prosjektleder kom.dir Kristine Dahl.
- Helse og omsorg. Prosjektleder kommunalsjef Barbro Longva.
- Oppvekst og opplæring. Prosjektleder kommunalsjef Harald Sivertsen
- Kultur og samfunn. Prosjektleder kommunalsjef Astrid Paulsen.

Det er planlagt fleire prosjekt under kvart hovudprosjekt og meir informasjon om dette finn de på:

[Stad kommune sitt Intranett for tilsette](#)

[Stad kommune si nettside](#)

[Politisk møtekalender](#)

Arbeidet i prosjekta skal følgje den ordinære politiske møterunden, og det vil bli orientert om status for omstillingsarbeidet i alle råd og utval. Saker som treng vidare politisk avklaring eller vedtak vil bli lagde fram for behandling.

Saker til politisk handsaming komande politiske møterunde

Følgjande saker skal no opp for handsaming:

Hovudprosjekt sentraladministrasjonen

- Delprosjekt som gjeld gjennomgang av budsjettvedlegg om tilskot og samarbeidsavtalar

Hovudprosjekt kultur og samfunn

- Delprosjekt redusere kommunen sine leigeutgifter
- Delprosjekt sal av bygg og tomter som ikkje er i bruk
- Delprosjekt prioritering av arealplanarbeid

Hovudprosjekt oppvekst og opplæring

- Delprosjekt greie ut avvikling av Haugen barnehage

Møteplan

Møteplanen for mars:

03.03 Rådsmøte

04.03 og 05.03 møte planutval, samfunnsutval og tenesteutval

07.03 Formannskapsmøte

13.03 Kommunestyremøte

20.03 HTV/HVO



Info, dialog-/forankringsmøte med hovudtillitsvalde og hovudvernombod i Stad kommune januar 2025.

Utvikling og omstilling under Robek

Statsforvaltaren i Vestland meldte den 18. februar 2025 Stad kommune inn i Robek-registeret. Kommunen er då underlagt statleg kontroll med årsbudsjettet, låneopptak og langsiktige leigeavtalar.

Statsforvaltaren skriv i sitt brev til Kommunal- og distriktsdepartementet at den økonomiske situasjonen til Stad kommune har vore, og er svært krevjande. Kommunen har ei drift som kostar meir enn kommunen klarer å finansiere utan å bruke disposisjonsfond. Utan omfattande tiltak som gir økonomisk gevinst, vil disposisjonsfondet vere brukt opp innan 2026.

Som Robek-kommune er Stad forplikta til å fastsette ein tiltaksplan som skal sikre at økonomien blir brakt i balanse. Statsforvaltaren er kjend med at kommunen arbeider aktivt med å få på plass ein tiltaksplan gjennom Program for berekraftig økonomi 2025 – 2028. Kommunen har etter kommunelova frist til 30. juni 2025 å fastsette tiltaksplanen.

Som ein del av budsjettet for 2025 og handlingsprogram 2025 – 2028 inngår også investeringsbudsjettet med tilhøyrande vedtak om låneopptak. Det er Statsforvaltaren som fastset ei endeleg ramme for låneopptak for Stad kommune, og det er venta at denne ramma vil bli fastsett om kort tid.

Rekneskap 2024

Stad kommune leverte 21. februar 2025 rekneskapen for 2024 til SSB.

Tala syner eit stort underskot i driftsrekneskapen. Resultatet syner eit netto driftsresultat på minus kr 25,3 mill. (underskot). Dette utgjer eit netto driftsresultat på minus 2,04 %. Underskotet er dekt inn ved bruk av fond frå tidlegare års avsetningar.

Kommunen hadde for 2024 eit vedteke justert budsjett med netto driftsresultat på minus kr 44,7 mill. (underskot), dekt inn ved bruk av disposisjonsfond. Resultatet er dermed betre enn revidert budsjett, men likevel er dette eit stort underskot for kommunen. Det er venta at mange kommunar får underskot i drifta i 2024, men vi veit enno ikkje korleis vår kommune sitt resultatet er sett opp mot landsgjennomsnittet for kommunane.

Vi ser at den negative resultatutviklinga i Stad kommune sin driftsrekneskap held fram. Dette må kommunen greie å snu i løpet av dei neste to åra.

Netto driftsresultat har dei siste fire åra utvikla seg prosentvis slik for Stad kommune:

- 2021 Netto driftsresultat kr 42,2 mill. = 4,3% (overskot)
- 2022 Netto driftsresultat kr 22,7 mill. = 2,1% (overskot)
- 2023 Netto driftsresultat kr 1,0 mill. = 0,1% (overskot)
- 2024 Netto driftsresultat kr -25,3 mill. = -2,04 % (underskot)

I pressemelding om rekneskapen for 2024 rosar fungerande ordførar i Stad, Judith Kvåle, alle tilsette for god budsjett-disiplin og arbeidsinnsats i 2024. Men også ho er uroa for den negative utviklinga av kommunen sitt driftsresultat dei siste åra, trass i at kommunen har stramma inn på drifta. I pressemeldinga legg Kvåle vekt på at langsiktig økonomistyring blir avgjerande for å kunne yte gode tenester til innbyggjarane i åra framover, og at kommunestyret har eit sterkt fokus på dette i det pågåande arbeidet i Program for berekraftig økonomi 2025 – 2028.

Program for berekraftig økonomi 2025 - 2028

Stad kommune er i gang med ein heilskapleg gjennomgang av Stad kommune si drift. Føremålet med denne gjennomgangen er å synleggjere korleis kommunen kan ta ned driftsnivået, slik at drifta av Stad kommune står i forhold til dei midlane som kommunen har tilgjengeleg.

Prosessen vert, som tidlegare nemnt, organisert og gjennomført under namnet Program for berekraftig økonomi 2025 – 2028 og er organisert gjennom fire hovudprosjekt:

- Sentraladministrasjonen. Prosjektleder kom.dir Kristine Dahl
- Helse og omsorg. Prosjektleder kommunalsjef Barbro Longva
- Oppvekst og opplæring. Prosjektleder kommunalsjef Harald Sivertsen
- Kultur og samfunn. Prosjektleder kommunalsjef Astrid Paulsen

Det er planlagt fleire prosjekt under kvart hovudprosjekt og meir informasjon om dette finn de på infokanalane det er vist til.

Arbeidet i prosjekta vil som nemnt følgje den ordinære politiske møterunden, og det vil bli orientert om status for omstillingsarbeidet i alle råd og utval. Saker som treng vidare politisk avklaring eller vedtak vil bli lagde fram for behandling.

Omstillingsarbeidet i tida framover

Det er viktig å snakke i lag i kollegiet om den omstillinga vi no går inn i, og det skal vere openheit rundt alle prosessane som skal gå. Ta kontakt med næraste leiar, verneombod eller tillitsvald dersom du som tilsett har spørsmål, har idear eller har behov for å snakke litt om omstillingsprosessen og korleis denne påverkar deg.



Med helsing
Kristine Dahl
Kommunedirektør